

LITTERATURLISTE

ROMANAR

Abdel-Fattah, Randa : Ser hodet mitt stort ut med denne? Oslo : Damm, 2007

17-årige Amal vil begynne å bruke hijab. Men kva vil foreldra, venene og skulen seie? Med humor og sjølvironi fortel forfattere om kvardagslivet til Amal, med familie, venner, gutar og moter. På ein underhaldande måte gir boka eit innblikk i ei ung jente si søking etter identitet og korleis det er for henne å vere muslim i det australske samfunnet.

Boka kan bestillast i gruppe- eller klassesett frå nettsida:

www.hordaland.no/fylkesbibl/klassesett/

Christensen, Lars Saabye: Herman (fleire utgåver)

Morosam, oppfinnsam og samtidig klok roman om guten Herman som mister håret og kva for drastiske konsekvensar dette får. Underhaldande og lett å lese. Også filmatisert.

Hansen, Erik Fosnes: Løvekvinnen. Oslo : Cappelen, 2006

Eva Arctander si mor dør under fødselen. Eva har lys pels, og ho både skremmer og fascinerar. Faren er flink til å løyne ting, ikkje berre eigne kjensler, men også sitt eige barn. Eva utviklar også denne evna .

Stine, R.L.:

Den avskyelige snømannen. (Grøsserne) Oslo, Damm, 1999

Jordan og Nicole Blake er dritlei det varme veret i Pasadena. Kunne det ikkje berre for ein gongs skuld bli ordentleg vinter, med ekte snø? Og så skjer det, familien Blake dreg til Alaska. Faren deira har nemlig fått i oppdrag å fotografere eit mystisk snøvesen der. Stakkars Jordan og Nicole, dei ønskte seg berre litt snø - ikkje å bli jaga av den avskyelege snømannen!

Et hårete eventyr. (Grøsserne) Oslo : Damm, 1998

Ein dag finn Larry Boyd noko kult i eit bosspann. Det er ei gammal flaske med Instabrun. "Smør deg solbrun på to minutt", står det på etiketten. Det må sjølv sagt Larry og venene hans prøve, men ingenting skjer. Så oppdagar plutselig Larry håret. Mørkt, stritt hår veks i ansiktet og på hendene.

Varulvpelsen. (Grøsserne) Oslo : Damm, 2001

Viermyr, Marianne; Hysj-hysj. (Leseløve) Oslo : Damm, 1998

Boka handlar om Maggan som oppdagar sine to første kjønnsår. Det likar ho svært dårleg. Boka er skriven som dagbok, og fortel om puberteten og det å bli tenåring.

Litteratur om hår for ungdom

Yarbrough, Camille : Cornrows. New York : Coward, McCann & Geoghegan, c1979

Biletbok med engelsk tekst som fortel korleis hårfletter er eit symbol på Afrika frå gammal tid. I dag symboliserer flettinga stoltheit for afro-amerikanarane.

NOVELLER

Bjørnson, Bjørnstjerne: Absalons hår, 1894. I: Samlede verker bind 5, 1960

Christensen, Lars Saabye : Den misunnelige frisøren. I: Den misunnelige frisøren : noveller, Oslo : Cappelen, 2004. (Fleire utg.) Novella er også filmatisert som Min misunnelige frisør

Dette er forfatternen si andre novellesamling. Novellene handlar om menneske som alle er i ferd med å miste noko. Tittelnovella fortel om Bent, ein ordinær kar med ordinær frisyre, som ein dag dristar seg inn på den fancy frisørsalongen Spaghetti. Dette skal komme til å koste ham nattesøvnen og meir til.

Fosse, Jon: Lines hår. I: To forteljingar, Oslo : Samlaget, 1993

Prosastykke om isolasjon, kommunikasjonsproblem , forelsking og vakkert hår.

Rodari, Gianni: Håret til kjempa. I: Fablar i telefonen. Oslo : Samlaget, 2002

Forfatternen vil ha oss til å sjå med nye auge og tenkje nye tankar. Han set tilvande førestellingar på hovudet og bruker humor og fantasi.

Rushdie, Salman : Profetens hår. I: Øst, Vest. Oslo : Aschehoug, 1996

Fargerik, frodig forteljing full av forviklingar. Boka handlar om eit stole relikvie, eit enkelt menneskehår etter profeten Muhammad. Den rike pengeutlånaren Hashim finn relikviet. Han seier til seg sjølv at profeten ikkje ville ha sett pris på relikviedyrkinga, og løyner håret i ein sølvbeholdar. Det får store konsekvensar for han sjølv og familien.

Vestly, Anne-Cath. : Langt hår. I: Anne-Cath. Vestly for de voksne. Oslo : Gyldendal, 2003

Enkelt, kort stykke som forfatternen sjølv kallar eit prosadikt. Det er skrive på den tida da unge gitarar ville likne på Beatles og ha langt hår. Anne-Cath. Vestly er lei av at folk bryr seg om nokon har langt hår – i ei verd full av verkelege problem og utfordringar for menneska.

Litteratur om hår for ungdom

Økland, Einar: *Det grønne håret. I: Siste time. Oslo : Samlaget, 1992* og *I: Den blanke bjølla : Samlaget, 2005*

Ei av ni fantastiske, eventyrlege, forenkla og realistiske historier. Om fint og stygt, keisamt og spennande, og om slikt som berre finst i desse løyndomsfulle historiene...

TEIKNESERIE

Larson, Gary: *Et hår i maten. Oslo : Bladkompaniet, 1999*

Ein ung makk oppdagar under middagen eit hår i skiten på tallerkenen. Han likar det ikkje, noko som får faren til å fortelje ei historie, ei historie som kan inspirere virvellause barn overalt. Faren fortel om ei blond, ung jomfru og hennar ferd gjennom skogen.

Satrapi, Marjane: *Persepolis. Oslo : No Comprendo Press, 2005*

"Boka Persepolis handler om forfatteren selv, Marjane Satrapi, og forteller noe om hennes liv i Teheran (Iran) da landet ble islamsk republikk. Boka er en selvbiografisk tegneserie med 344 sider. Den er veldig godt fortalt og veldig spennende. Hvis du er interessert i historien om Iran i forhold til før/etter krigen, republikken og samfunnet før/etter, bør du lese denne boka! Anbefaler den til ungdommer fra 13 år."

Omtale skrevet av Tæraneh Jouleh, 14 år, Bergen

EVENTYR, MYTER OG RELIGIØSE FORTELJINGAR

Bringsværd, Tor Åge: *En skjeggete brud. Oslo, Gyldendal, 1990*

Den sjuande boka om vår gamle gudelære. Tussane klarar å stele Tors hammar, Mjølner. Tussekongen krev at Frøya gifter seg med han for at Tor skal få tilbake hammaren. Men det er ikkje Frøya som dreg til Jotunheimen i brudeskrud... Illustrert.

Bringsværd, Tor Åge: *Medusa : kvinnen med slangehåret. Oslo : Gyldendal Tiden, 1998*

Boka gir ei innføring i gresk mytologi, og hovudvekta blir lagt på myten om Medusa. Medusa er eit kvinneleg uhyre med slangehår, ein av gorgonane. Eit blikk frå hennar auge forvandlar folk til stein. Hennar to søstre kan ikkje dø, men det kan Medusa, som Persevs klarer å drepe ved Hermes si hjelp. Av hennar blod spring Pegasus frem.

Esau og Jakob. *Frå Bibelen. Mange gjendiktingar.*

I Kanans land lever Isak, Abrahams son, saman med hustrua Rebekka og tvillingsønene Esau og Jakob. Førstefødte Esau er hårete, sterk og ein modig jegar med glupsk appetitt på moro. Han er faren sin favoritt. Jakob er mora sin augnestein og meir følsam. Med hennar velsigning bedreg han bror sin både for arveretten og for faren si velsigning. 1. Mosebok, kpt. 25, vers 19-34 samt kpt. 27.

Grimm, Jacob Ludwig Karl : Rapunsel. I: Den store prinsesseboken : Lunde, 2003 og I: Brødrene Grimm samlede eventyr Bind 1. Oslo : Damm, 2004. - 350 s. : ill.. (fleire utgåver)

Eit barnlaust ektepar ventar endeleg barn. Men kona lèt seg freiste til å stele Rapunsel-plantar frå hekka sin hage. Mannen blir tvungen til å love barnet bort til hekka så snart det er fødd, og jenta får namnet Rapunsel. Då Rapunsel er 12 år, stengjer hekka henne inne i eit høgt tårn i skogen. Om dagen kjem hekka til henne og klatrar opp Rapunsel si lange flette. Ein prins oppdagar Rapunsel i tårnet og kjem om natta. Men ein dag røper Rapunsel prinsen utan å tenkje seg om!

Nesbit, Edith: Melisande. Oslo : Carlsen, 1990

Kunsteventyr om prinsesse Melisande som får kasta trolldom over seg: ho skal bli skalla! Men Melisande får eit einaste ønske oppfylt, og Melisande ønskjer seg langt hår som veks i enorm fart etter ein matematisk formel. Kongen har matematisk forstand og ser kva for eitt problem håret vil bli.

Nouri, Iraj: Zal den hvithårede. Oslo : Solum, 1998

Fri gjenforteljing frå det tusen år gamle persiske eposet Shahname, om Persias mytar og legender, rikt illustrert i bildebokformat med norsk og persisk tekst. Kongen får ein son med kvitt hår, og alle blir forfærde. Trollfuglen Simorgh tek guten til seg og oppdreg ham som sin eigen, helt til guten ein dag plutselig oppdagar at det finst skapningar akkurat som han sjølv – menneske. Framhald i: Zal og Rudabe (norsk/persisk) og Rostæm (norsk).

Samson og Dalila. Frå Bibelen. Mange gjendiktingar.

Dramatisk historie frå Bibelen om kjærleik og svik. Kor har Samson krafta si frå?
(Dommerne kap. 16)

DIKT

Aikio-Arianaick, Inger-Mari: Langt svart hår. I: Fra verden og hit, 2004

Eit lite fem-linjers dikt av den samiske lyrikeren Inger-Mari Aikio-Arianaick, født i Finland. For *Fra verden og hit* blei ho nominert til Nordisk Råds litteraturpris. Mange opplever Aikio-Arianaick som et frisk pust i samisk litteratur, ein lyrikar som tek opp hemmelege, intime tankar - her om møtet mellom to kulturar og om kvinne, mann og barn.

Christensen, Lars Saabye : Farmors hår. I: Falleferdig himmel, 1998

I *Farmors hår* står ein gut på trammen ein sommarmorgon og ser farmor stå i hagen og greier det lange håret sitt. Diktet viser oss guten sin kjærleik til farmor, minnet om henne og stemninga denne morgonen. Teksten er skrive lett og elegant, men med dybde.

Christensen, Lars Saabye : Rapport 2. I: Jaktmarker, 1979

Humoristisk og alvorlig dikt om menneska sin felles skjebne: "Under håret er vi alle skallet. (...) / Og midt i hjertet er vi alle røde!"

Litteratur om hår for ungdom

Evjenth, Dag : På håret. I: Veien blir til mens du går deg vill, 2000

Evjenth sjonglerer med ord og setninger i to korte, humoristiske vers på rim om hårklipp.

Hjørnevik, Jon: Morgonhåret til mor mi. I: Ein bunke shorts-stories, 2005

Hjørnevik har skrive eit dikt om mora og håret hennar om morgonen etter hårvasken kvelden før. Diktet er humoristisk, lettlest og skrive på rim.

Hopstock, Kirsti: Skrikende rødt. I: Øde veier, 2003

To korte vers om ei gråhåra dame som sovnar på trikken. Med humor skriv Hopstock inn litt "skrikende rødt" i diktet så leseren kvepp; kanskje dama vaknar også?

Mørck, Sidsel: Jåle-vers. I: Erta berta sukkererta, 1991

I kvart sitt vers prøver fem damer å overtale ei ung jente til å bruke deira skjønneheitsprodukt: "Vi gir deg blankt og bløtt og skinnende hår...". Jenta gir svar; men klarer ho å stå imot reklamen? Åtte velskrivne vers på rim med driv og rytme.

Nyquist, Arild: Vinden bestemmer. I: Samlede dikt, 2005

Eit kort dikt, i Nyquists litt naive stil. Lesaren kan kjenne vinden i håret og sjå han sveipe over naturen. "Vinden bestemmer / - over håret mitt når jeg ikke har lue på hodet", skriv Nyquist. Men kven bestemmer over "tankene jeg har under håret"?

Sande, Hans: Førte år etter... I: Tigeren taler tydeleg, 1993

Fire korte og humoristiske linjer om en mann som mista håret førte år tidlegare.

Sandvik, Randi: Portrett av min oldemor. I: Befridde soner, 1987

Randi Sandvik gir eit glimt inn i oldemora hennar sitt liv, ved hjelp av seks korte linjer som beskriv oldemor sitt hår.

Ulven, Tor: Et hårstrå. I: Samlede dikt, 2000

"Et hårstrå / daler endeløst" gjennom fem små linjer. Likevel eit dikt til ettertanke og oppleving.

Vold, Jan Erik: Hår. I: Sorgen. Sangen. Veien, 1987

Eit underfundig, kortfattet dikt om hår og sorg, Kjelsås-trikkens spor og "Tarjei med den / blanke skallen".

Økland, Einar : Eg omvender meg. I: Svarte norske vers samla og spreidde, 1997

Humoristiske rim kor forfattere fabulerer over det rike dyrelivet han har i håret, "kravlande kryp / som kriblar og klyp". Men heldigvis: "Ein gong om året / klipper eg håret."

Litteratur om hår for ungdom

Østgård, Anne: Kåre med håret. I: Nette Nellys nese, 1998

Kåre har ein særst tett hårmanke som står rett til vêrs i ein spiss oppe på hovudet. Kåre prøver fleire frisørar og metodar for å få bukt med problemet. Vers som leikar med språket og gir avslutning til ettertanke.

FAGBØKER

Estes, Clarissa Pinkola: Kvinner som løper med ulver. Oslo : Eide, 1993

I denne boka får vi forteljingane som formødrer gav frå seg. Estes åtvarar mot farar for dei som lever i ei eiga draumeverd.

Hår i Norge : norske frisyrrer gjennom 50 år. Oslo : Kagge, 2005

Frisørmeister Erik Ruhs har samla nokre av dei finaste, raraste og mest populære norske frisyrrar han har sett, etter at han starta som ryddegut i frisørsalong for over 50 år sidan.

Boka kan bestillast i gruppe- eller klassesett frå nettsida:

www.hordaland.no/fylkesbibl/klasesett/

Noss, Ågot: Krone og skaut. Oslo : Aschehoug, 1996 (m.a. fletting av hår)

Boka gir ei framstilling av kvinnehovudbunadane som blei nytta av ugifte, brurer og gifte i Hordaland. Ho fortel kva som høyrer til kvar enkelt bunad, påkleddingsmåtar, drakt- og brukssamanheng. Med bilete, teikningar, mønsterteikningar og fotografi.

Liggett, Arline: Skjønnhetens tyranni. Oslo : Cappelen, 1989 (Av innhaldet: Kronen på verket : håret, s. 131-149)

Mikkelsen, Trine; Hårfint. Oslo : Damm, 2005

Tekstane i boka er utdrag frå forskjellige skjønnlitterære verk, og tek for seg kvinna sitt hårete underliv på ein estetisk vakker måte.

Osland, Erna: Hår i millionar år : ei lita verdshistorie om hår og hovuda dei sat på. Oslo : Samlaget, 2000

Dette er ei fagbok om hår, ei lita verdshistorie om hår og hovuda dei sat eller sit på. Vi er med Hildur på ei reise gjennom historia og ulike kulturar. Hår og hårmotar er innfallsvinkel til kulturhistoria. Boka spenner breitt geografisk, frå Europa til Asia, Afrika og Sør-Amerika. Illustrasjonane er gamle måleri, foto og teikningar.

Boka kan bestillast i gruppe- eller klassesett frå nettsida:

www.hordaland.no/fylkesbibl/klasesett/

Rue, Anders Kvåle: Skjegg. Oslo : Schibsted, 2003

Boka tek for seg skjegget si kulturhistorie. Gjennom historia har skjegget vore eit kraftfullt maskulint symbol og et teikn på autoritet. Greske filosofer, norrøne vikingar, keltiske krigarar, kva ville dei ha vore utan skjegg?.

Litteratur om hår for ungdom

Boka kan bestillast i gruppe- eller klassesett frå nettsida:

www.hordaland.no/fylkesbibl/klassemett/

Hordaland fylkesbibliotek låner ut gruppe- og klassesett av fire av bøkene i boklista. Tilbodet gjeld skular i Hordaland utanfor Bergen. Fylkesbiblioteket betalar for utsendinga, og skulane for tilbakesendinga.